



Det velstelte tunet lyser opp mot forbi passerende. (Klikk på bildet).

Sjølvs om det haustar, vel vi i dag å presentere bilde av Huset i svingen på Døsslandssido. Etter at hagen har lyst opp i mange ulike og flotte fargar gjennom den lyse årstida, er det no dei knallraude begoniane som rår grunnen. Det velstelte tunet vert lagt merke til og sett pris på av forbi passerende år etter år!

Kåre Johan og Anne Marie Myklebust kjøpte garden etter Gudmund Feet for meir enn 20 år sidan. Før den tid hadde dei pakta garden. Gardsdrifta heldt fram etter same flotte mønster, men det vart slutt på at det budde folk i huset. Trass i dette har tunet framstått som eit godt vedlikehalde og velstelt tun.

Gjennom den lyse årstida har hagen framstått både fargerik og fin med veltrimma og knallgrøn plen. Også framfor løebygningen er det planta på plenen!

- Ein blir glad over å sjå dette! Verkeleg eit eksempel til etterfølgjing, seier ein av våre lesarar. Vi er så samd, så samd!



[Etter at mange fargar har lyst mot oss, er hausten kommen og dei flotte begoniane rår grunnen.\(Klikk på bildet.\)](#)

No er gardsdrifta på Feet ein del av samdrifta til dei tre sønene til Anne Marie og Kåre Johan.

Foto: Thor Inge Døssland.